



Ål kommune
Tingstugu, Torget
3570 ÅL

Sakshandsamar, telefon
Marte Rosnes, 69247516

Tilbakemelding på eigenkontrollrapportering for avløpssektoren for rapportåret 2019 - Ål kommune

Vi har gått gjennom eigenkontrollrapporten frå Ål kommune for rapporteringsåret 2019 og tar han til atterhald.

Rapporteringsskjema for 2020 vil være tilgjengeleg for utfylling via Altinn frå februar 2021.

Vi viser til eigenkontrollrapportar og årsrapportar for Sundre avløpsanlegg og Ål kommune sitt avløpsnett for rapportåret 2019.

Avløpsnett til Sundre avløpsanlegg

I skjema for årsrapport har de rapportert om 14 installerte nødoverløp og ingen installerte regnvassoverløp. I Altinn har de rapportert om 13 installerte nødoverløp. Vi tolkar dette som ei feilrapportering og rettar med dette rapporteringa i Altinn til 14 installerte nødoverløp.

De har ikkje rapportert om tilfelle med regnvassoverløp i 2019, men det er rapportert om 3 tilfelle med nødoverløp. Utsleppet via nødoverløp har de estimert til nøyaktig 100 m³ i 2019.

Sundre avløpsanlegg

Det er for 2019 rapportert at Sundre avløpsanlegg har tatt imot og behandla 348 074 m³ avløpsvatn og at de ikkje har hatt overløp på anlegget. De har aldri registrert meir avløpsvatn inn til reinseanlegget enn i 2019. Samtidig som mengda avløpsvatn inn til anlegget har auka, har gjennomsnittskonsentrasjonen for fosfor blitt lågare og lågare. Det same er ikkje tilfelle for organisk stoff, der årleg tilførsel held seg ganske stabil.

Sundre avløpsanlegg reinsar godt. De har rapportert at det er 2 685 innbyggjarar og 25 fritidsbustadar kopla på leidningsnettet til reinseanlegget. De har rapportert at belastninga på anlegget i pe (BOF₅) er 2 497. Målt maksimalbelastning i 2019 er 2 548 pe (BOF₅). Sundre avløpsanlegg er dimensjonert til å kunne ta imot 10 500 pe (BOF₅) og belastninga er difor godt innafor både hydraulisk og biologisk.



De har rapportert at Sundre avløpsanlegg vil få tilført noko meir avløp når det blir bygga overføringsleidning frå Actif reinseanlegg (om lag 100 pe BOF₅), som skal leggest ned, i tillegg til Gunnarhaugen (om lag 90 pe BOF₅).

Konklusjon

Fylkesmannen har gått gjennom års- og eigenkontrollrapporten og tar dei til atterhald. Rapporteringa kan bli følgd opp ved framtidige tilsynsbesøk frå Fylkesmannen.

For oppdatert informasjon om rapporteringskrav og metode viser vi til rettleiar for eigenkontrollrapporteringa for avløp, som er tilgjengeleg på :

<https://www.miljodirektoratet.no/verktoy/skjema/arlig-rapportering-for-avlop/>

Rapporteringsskjema for 2020 vil være tilgjengeleg for utfylling via Altinn frå februar 2021. Vi vil minne om at årsrapportering til Fylkesmannen skal leggest som vedlegg i Altinn. Skjema for årsrapportering kan de finne i vårt skjemabibliotek:

<https://www.fylkesmannen.no/nb/oslo-og-viken/skjema-og-tjenester/?c=Milj%c3%b8+og+klima>

Eigenrapporten sine data om årlege utslepp for avløpsanlegg vil i juni 2019 bli lagt ut på nettstaden Norske Utslipp:

<http://www.norskeutslipp.no/no/Avlopsannlegg/?SectorID=100>

Med helsing

Hilde S. Skålevåg
seksjonssjef
Klima- og miljøvernavdelingen

Marte Rosnes
konsulent/rådgjevar/seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent